

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
041/17	Formannskapet	PS	11.05.2017
039/17	Kommunestyret	PS	23.05.2017

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 000, TI - &14	17/371

Årsmelding 2016

Vedlegg

Uttale til årsrekneskapet

Årsmelding 2016 sluttprodukt Word 04.05.2017

Særutskrift sak 22.17 Uttale til årsrekneskapen + revisjonsrapport

Framlegg til vedtak:

Årsmeldinga for 2016 vert teke til vitande.

Formannskapet - 041/17 - 11.05.2017

FS - behandling:

Til møtet låg det føre særutskrift frå kontrollutvalet si handsaming av saka i møte den 09.05.17. Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - vedtak:

Årsmeldinga for 2016 vert teke til vitande.

Kommunestyret - 039/17 - 23.05.2017

KS - behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Årsmeldinga for 2016 vert teke til vitande.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Årsmelding for 2016 er utarbeida med utgangspunkt i dei einskilde avdelingsleiarane sine årsmeldingar for deira områder.

Målsetjinga med årsmeldinga for 2016 er å lage ein oversiktleg oppsummering av året med utgangspunkt i dei mål og økonomiske rammer som er beslutta.

Meldinga skal gje eit oversiktleg bilete av vesentlege endringar/hendingar som har hatt avgjerande betydning i drifta.

Kommunen sine hovudmål er oppsummert og gjennomgått.

Det vert vist til vedlagt årsmelding for 2016.

Kontrollutvalet skal ha møte den 09.05.17 og uttalen vil bli ettersendt.

Vurdering

Økonomisk sett har 2016 vore eit godt år, med rekneskapsmessig overskot på kr. 4,5 mill.. Med utgangspunkt i at resultatet for 2015 var minus 8,250 mill. så er dette ein formidabel snuoperasjon.

Bakgrunnen for det gode resultatet er at lønskostnaden i 2016 ligg under lønskostnadene i 2015 og soleis også kostnadene med pensjon og arbeidsgjevaravgift.

Rammetilskotet og skatt har auka vesentleg i høve til 2015, men var i samsvar med budsjettet med kun ein mindre auke i skatteingongen. Nettoauken i skatt og rammetilskot frå 2015 er på kr.11.700.000,-. Skatteingongen til Austrheim kommune har blitt redusert i høve til andre kommuner som har hatt betre utvikling i skatteingongen, slik at inntektsutjamninga har gått ned dei siste åra.

Konklusjon

Eg rår til fylgjande:

Årsmeldinga for 2016 vert teke til vitande.